



Kommunar i bergensregionen
Andre

Dato: 31.08.2018
Vår ref.: 2016/6369-1
Saksbehandlar: jomragn
Dykkar ref.:

Invitasjon til deltaking på workshop med tema samfunnsnyttig massedisponering

Her er invitasjon til å delta på workshop med tema «samfunnsnyttig massedisponering». Workshopen vert arrangert i samarbeid med Bergen kommune.

Bakgrunnen er at Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune er med som partnerar i det nasjonale forskingsprosjektet «Kortreist stein» (2016-2019). Prosjektet har mellom anna som idé å utvikle meir føreseielege og betre planprosessar for mest mogleg høgverdig og berekraftig bruk av overskotsmassar frå større infrastrukturprosjekt. Under arbeidspakken «Planprosessar og ressursforvaltning» inngår bergensregionen som case, og i den samanheng denne workshopen med tema «Samfunnsnyttig massedisponering».

Målgruppe

Prosjektdeltakarar, planleggjarar/saksbehandlarar i kommunar i bergensregionen, samt andre inviterte frå forvaltning og næring.

Formål

Deltakarane på workshopen får høyre om planhandtering av overskotsmassar frå nokre store infrastrukturprosjekt i bergensregionen m.m., og vere med på idédugnad for god samfunnsmessig bruk av slike overskotsmassar, herunder vurdering av lokalitetar for bruk, mellomlagring, bearbeiding og deponering.

Tid: Onsdag 17. oktober, kl 09:30-15:00.

Stad: Fylkeshuset, Agnes Mowinckels gate 5, Bergen.

Påmelding via nettsida www.hordaland.no/steinmasser Påmeldingsfrist 3. oktober.

Program: Sjå neste side

Vel møtt!

På vegne av Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune,

Marit Rødseth
plansjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.



KORTREIST
STEIN



BERGEN
KOMMUNE



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

Workshop om samfunnsnyttig massedisponering

Prosjektet «Kortreist stein»

Arrangører: Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune

Dato: Onsdag 17.10.2018

Stad: Fylkeshuset, Agnes Mowinckels gate 5, Bergen

Program (førebeles)

- | | | | |
|------|---|------|---|
| 0930 | Registrering. Kaffe/te | | |
| 1000 | Velkommen
v/ Bergen kommune/Hordaland fylkeskommune | 1250 | Utgreiing av lokalitetar for samfunnsnyttig disponering av overskotsmassar i samband med ny E16/Jernbane Arna-Voss (K5) og E39 Stord-Bergen m.m. - planprosessar og planar - Steinkvalitet
v/ Hordaland fylkeskommune |
| 1015 | Prosjektet Kortreist stein
v/ Lisbeth Alnæs, forskingsleiar, SINTEF Byggforsk | 1320 | Døme på planhandtering av overskotsmassar i andre store infrastrukturprosjekt |
| 1030 | Byggeråstoffa pukk og grus
v/ Kari Aslaksen Aasly, lagleiar Byggeråstoff, NGU | 1340 | Beinstrekk |
| 1050 | Handtering av overskotsmassar i regional planlegging
v/ Hordaland fylkeskommune | 1350 | Idédugnad: Samfunnsnyttig massedisponering (Bergensregionen) |
| 1110 | Regionale og lokale planprosessar knytt til store anleggsprosjekt
v/ NN, Asplan Viak | 1440 | Oppsummering |
| 1130 | Lunsj | 1500 | Slutt |
| 1230 | Utredning av lokaliteter for samfunnsnyttig disponering av overskuddsmasser i Bergen - Masseforvaltning i kommuneplanen
v/ Bergen kommune | | |